

## BLAD

Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim

# Kyrkjeval 2019

## Austrheimkyrkja

Førehandsrøysting:

Tysdagar fram til 03.september.

Stad: Kyrkjelydskontoret, Tidspunkt: kl.10 - 14

Førehandsrøysting Nordliheimen:

Tysdag 03.september kl. 10.30 - 12.30

Valdagen 09.september:

Stad: Ungdomens hus for krinsane Austrheim og Årås,  
Musikkrommet på Kaland skule for krinsen Kaland.

Tidspunkt: kl. 14.00 - 21.00

Det er 1 liste for soknerådsvalet,  
og det er 3 lister å velge mellom  
for bispedømmevalet

For meir informasjon:

[www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)  
Kyrkjelydskontoret 56 16 72 90



Nr. 06- 2019 August nummeret 48. årgang Nytt stoff innan 10. september 2019



«Døgnleir  
Rongevær» og  
friluftsgudsteneste  
Årvikane»

# KYRKJEBAKKEN

Informasjonsblad for Austrheim sokn



## KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret  
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)  
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35  
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 72 90

E-post: [post.austrheim@kyrkja.no](mailto:post.austrheim@kyrkja.no)  
[www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)

### Kontortider:

Sokneprest: Treffid etter avtale

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Rune Minde	90 69 53 77
Kyrkjeverje Leif Arne Økland	40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

## KYRKJEBAKKEN

### Redaksjonen

Utgevar: Austrheim sokneråd  
Redaksjon: Svein T Villanger,  
Jostein Hauge  
Leif Arne Økland  
Jorunn Kårdal.

Bankgiro: 3490.07.04196  
E-post: [kyrkjeba@online.no](mailto:kyrkjeba@online.no)

# Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

### DET SKJER:

**01.september kl. 11.00**

Gudsteneste ved Rune Minde  
og Amelie Knieriem.

Presentasjon av nye konfirmantar.

**15.september kl. 11.00**

Gudsteneste. Åge Palmesen

**Fredag 20.september kl. 18.00**

Gudsteneste for alle. Kyrkjekaffi

## DEN STORE BARNEHELGA

**27-29 SEPTEMBER.**

**27.sept**

Pyjamasfest for 3-åringar fredag

**laurdag 28.sept**

Bollefest for 4-åringar

**28.sept**

Tårnagent for 2.klassingar laurdag

**Søndag 29.september:**

Barnas festgudsteneste.

Utdeling av bok til 3-, 4- og 8-åringar.

**13.oktober kl. 11.00**

Gudsteneste ved Rune Minde.

# Gamal vane

Gamal vane er vond å vende, seier med ofte når vi avslører oss sjølve eller andre i å gjera noko typisk....

Eg kom til å tenkja på det ordtaket ein morgon på seinsommaren då eg vakna og kjende at no var det kome eit nytt drag i lufta. Den kjølege lufta som minna om haust slo i mot med då eg opna vindaugget. Og eg tok meg i å tenkja: «Dette var godt!»

Sommar og varme er jo herleg, men vi nordmenn er jo liksom vane med at lufta er litt kjøleg. Og ting er liksom litt meir på plass når vi opplever det som er vanleg.

Er det ein god eller dårleg eigenskap dette at vi har denne tendensen til å vera vanemenneske...?

I utgangspunktet tenkjer eg at det er viktig ikkje å stivne til, slik at vi kan ha godt av å bli rive opp litt i alle våre kvardagsvanar. Kanskje setje seg på ein annan plass ved bordet enn det eg pleier eller snakke litt med andre i

lunchpausen enn dei eg alltid pratar med. Utfordrande, men det kan vera berikande!

Samstundes trur eg og at gode vanar er verdfulle. Å stikka innom til nokon som treng eit besøk eller ta ein telefon er lettare dersom du har gjort det til ein vane. Mange har for vane å avslutta dagen med eit Fadervår eller å kneppa hendene og be ei enkel bøn før ein legg seg til å sova. Ein god vane, tenkjer eg. Det viktigaste er kanskje å tenkje gjennom: kvifor gjer eg det eg gjer, og kvifor ikkje gjera noko nytt?

I den spede byrjinga til det som skulle bli den kristne kyrkja, i det som blir kalla urkyrkja, byrja dei å samla seg på søndagen, den første dagen i veka, for å feira at Jesus Kristus sto opp den dagen. Det er eigentleg det vi feirer kvar gong vi har gudsteneste, at Jesus Kristus sto opp frå dei døde og lever enno i dag. Kanskje du vil vera med på feiringa? Hjarteleg velkomen, anten det er av gamal vane eller du tenkjer at dette vil du starte med no!

**Rune Minde**



# Austrheim sokn

## Døypte

- 11. august: Jonathan Lihaug
- 18. august: Ludvig Zakariassen Landa
- 18. august: Leo Tresvik



## Gravlagde

- 18.juni: Kristoffer Sigbjørn Kahrs f. 1933 (bisetjing)
- 25.juni: Berit Kvamme f. 1943
- 10.juli: Kenneth Nilsen f. 1962 (bisetjing)
- 10.juli: Dagfinn Ludvigsen f.1949
- 19.juli: Edgar Håland f. 1954
- 6.august: Otto Ludvig Lervaag f.1958



## Vigde

- 22.juni: Jill Katrin Aarland og Torbjørn Berge

Retting frå nr 5/19:

30.april: Einar Fjellstad f 1936 (og ikkje 1932).



### ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr.1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonser er gratis.	

### UTGJEVINGSPLAN KYRKJEBAKKEN 2019

Frist 10.sept	ut 26.sept
Frist 15.okt	ut 31.oktober
Frist 12.nov.	ut 29.november (JULENUMMER)



## Tusen takk

Til Austrheim diakoninemd for rosen.  
Takk og til rosebærer Aud Fønnes.

Beste hilsen Ada Fønnes

## Hjertelig takk

til diakoninemda ved Kari for rose og  
fine ord til min 83 års dag.

Hilsen Gustav Lunde.»

## Ti vil gjerne takka

for deltaking og blomhelsingar ved  
vår kjære mann og pappa  
Otto L Lervaag si gravferd.  
Takk også til Jarle Gallefoss,  
hemesjukepleien og kommunen ellss  
for all god hjelp.

Helsing Elin med familie.»

## Takkar

Austrheim sokneråd takkar så  
mykje for gáva på kr 1000 frå Årås  
søndagsskule, som har gått som  
tilskot til dognleiren for barn mellom  
7 -10 år på Rongevær i juni i år.

## Ei varm takk

for all medkjensle og oppmerksomhet  
i forbindelse med vår kjære onkel,  
Kristoffer Sigbjørn Kahrs sin  
bortgang. Takk til prest Rune Minde  
og Nordhordland Begravelsesbyrå.  
Takk til Kjersti Wiik for vakker sang  
i kirken.

Særleg takk til heimesjukepleien og  
personale på Nordliheimen for  
omsorgsfull pleie, og for minnegaven  
til Nordliheimen, kr 4.950,-.  
På vegne av nieser og nevøer

Astrid Hildegunn Kahrs Fønnes

## Hjarteleg takk


or minnegáva som vart gitt til  
Nordliheimen i samband med  
gravferda til Berit Kvamme og  
Kristoffer Kahrs.

Takksame helsingar frå personalet  
og bebuarane ved Nordliheimen.

## Ein stor takk

Austrheim sokneråd rettar ein stor  
takk til Husmorlaget og Kyrkjepryd-  
nad som til saman har gitt ei gáve  
på kr 6411 til innkjøp av utstyr til  
kjøkkenet på kyrkjelydshuset

# Min salme



Da forespørselen kom om jeg ville komme med ett bidrag til spalten Min salme, gikk tankene mine tilbake til min barndom på Kvaløya, like utenfor Tromsø.

Jeg skulle på min første "live" konsert, og den var med ikke mindre enn Erik Bye, min store helt fra lørdagsunderholdningen på fjernsynet. jeg kan ha vært 11-12 år, så dette var stort. Og for en lykke: Tenk å krasje med selveste Erik Bye i en døråpning, altfor trang for en stor mann og ei lita jente, der han var på vei til scenen, i høy hastighet. Uforglemmelig. Og det var nok her jeg hørte denne helt nydelige sangen for første gang: Vår Herres Klinkekuler

**Elin Hella Rebnord**

## VÅR HERRES KLINKEKULER

Jeg drømte at Vår Herre var en pøde  
Med reven brok og skrubbsår på hver legg  
Jeg så Ham klinke kuler med vår klode  
I muntre sprett mot universets vegg.  
Han klinket, Han var glad og det var sommer  
Og solen tenkte lyn i farget glass.  
Og tusen kloder ristet fra Hans lommer  
For i Vår Herres lommer er det plass.

Og kodene fikk danse, sveve, trille  
Til glede for Hans hjerte og Hans syn  
Så ble Han distraheret og glemte spillet  
En sommerfugl strøk vingen mot Hans bryn  
Å for en dag å fange sommerfugler  
Det vakreste av alt Han hadde skapt.  
På marken lå Vår Herres klinkekuler  
Og følte seg alene og fortapt.

Omsider kan Han, trett og alle pøder  
Når det er kveld og leken har vært sen  
Han lå på kne og samlet sine kloder  
Da så Han, at Han hadde mistet en.  
Den lille blå, den minste av dem alle  
Han lette under gress og sten og hekk  
Og den som var så blank i solefallet  
Men mørket kom og kulen –den var vekk.  
Det var vår egen Jord som var blitt borte  
Og marken lå der nattekald og våt  
Og Gud gikk hjem og hutret i sin skjorte  
Men jeg kan ikke minnes om han gråt  
Og vi som av den lille Jord er båret  
Og tror at intet teller uten den  
Får drømme at Han leter mer i morgen  
Og håpe at Han finner oss igjen.

## Kyrkjeprydning 30 år

28.september 1989 møtte de fire første medlemmene i den nye foreningen som fikk navnet Kyrkjeprydning. Formålet var å skaffe til veie utstyr/utsmykning til Kirkerommet som ikke kunne finansieres gjennom det vanlige budsjettet til Soknerådet. I løpet av høsten ble vi 7 medlemmer. I jubileumsåret er vi 8 som møtes en gang pr md. Flere har vært med i disse årene, de fleste av dem har vi tatt avskjed med.

I mange år hadde vi basar i januar, etter å ha solgt loddbøker gjennom høsten. Vi opplevde full sal i underetasjen på Kyrkjelydshuset. Vi selger fortsatt lodd, men har sløffet basaren. Den siste hadde vi i 2015 i samarbeid med Soknerådet og Kjerringrokk. Et fullsatt Samfunnshus sluttet opp om

basaren, som også var starten på 150 års jubileet til Austrheim Kyrkje. Formålet var å skaffe penger til ny løper i Kirken, og det klarte vi. Bygdefolket i Austrheim har gjennom 30 år støttet oss gjennom å kjøpe lodd, som vi igjen har brukt å gi til fornyelser, suppleringer ol til Kirkerommet og litt til Kyrkjelydshuset. Rundt kr. 600 000 har det blitt.

### STOR TAKK TIL ALLE.

I de siste årene har vi betalt brudeparbiblene og biblene til 5 klasse, i tillegg til andre ønsker fra Soknerådet. Også i år kommer vi rundt med loddbok, og håper på din støtte.

Gro Johannessen

Det kjem ei større sak om dette i neste nummer av Kyrkjebakken.



AUSTRHEIM

**Velkommen til fotbehandling!**  
**Jeg holder til i lokalene til Årås**  
**Sanitetsforening, i Furulyvegen 31.**

Salg av sko og fotpleieprodukter.



Autorisert foterapeut  
Janet H. Rebnord Talberg  
Tlf. 98613252  
austrheim@basisfot.no

## ÅPNINGSTIDER

FOTBEHANDLING:

Mandag kl 11 - 17

Tirsdag kl 9 – 15

Onsdag kl 9 – 15

Torsdag kl 11 – 17

Fredag kl 9 – 15

BUTIKK:

Torsdag kl 17 – 19

# Friluftsgudsteneste i Årvikane



Søndag 11. august feira vi gudsteneste i Årvikane. Det har etter kvart blitt ein fast tradisjon å avslutta Fonesdagane med ei gudsteneste. Og i år som i fjor hadde vi dåp på gudstenesta, ei flott handling under Guds opne himmel! Og vi var heldige med været, det regna på søndagen, både før og etter, men under gudsteneste var det tørt og godt.

Stødige forsongarar hjelpte til under allsongen, og Jostein leia musikken trygt med trekkspel. Prest Rune Minde akkompagnerte på gitar.

Dei som hadde funne vegen til Årvikane denne søndags ettermiddagen gav uttrykk for at dei hadde hatt ei fin stund saman, og vi vonar at vi kan halda på denne fine tradisjonen også til neste år.





## MASTREVIK TORG - EIN TRIVLEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvare • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583



Vi er sannsynligvis en av universets største uavhengige bilverkstedkjeder...



Rune Austrheim  
Fosnøy Bilsenter AS  
Telefon: 56 16 75 50



...Så vidt vi vet. All kunnskap og erfaring er samlet i vårt verksted. [www.fosbilsenter.no](http://www.fosbilsenter.no)

For everything your car needs.

## DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



## Mini Frisør

Ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Åråshøgda 19.

Timebestilling:  
Mand.-Fred.  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna



Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset



Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35



Panasonic  
Varmepumper

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
[byggboe@online.no](mailto:byggboe@online.no)




Vatne  
Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Ring døgnvakt:  
56 35 09 10  
[www.vatne-byra.no](http://www.vatne-byra.no)  
Kvassnesvegen 11  
5914 Isdalsbø

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

### HOVUDBIBLIOTEKET:

ENDRA OPNINGSTID FRÅ AUGUST

Biblioteket er ikkje lenger ope for publikum måndagar

onsdag kl. 14.00 – 19.00

Tysdag og fredag kl. 10.00 – 15:00

E-post: [bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)

Tlf.nr 56162007

### FONNES FILIAL:

Torsdag:

Skulebibliotek frå 11:30

Biblioteket er ope til klokka 16:30

Epost:

[fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no)

Tlf.nr 56162161

### AVSLUTNINGSFEST FOR SOMMARLES

Tysdag 10. september kl. 18.00 på hovudbiblioteket

Utdeling av premiar og underhaldning ved Kløvnen Knut!

*NB! Påmelding til biblioteket innan fredag @6. september.*

## BASSENGET PÅ KALAND:

### OPNINGSTIDER:

Måndag kl. 17-18 Familie/born  
kl. 18-19 (foreldre med små born vert prioritert)  
kl.19-20 Pensjonistar  
k. 20-21 Vaksne

Fredag kl. 17-21 for alle

Bassenge føl skuleruta og er stengt i skuleferiar.

Billettprisar: Vaksne kr. 40,-  
Born under 16 år kr 20,-



## LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

**Legevakt 116117**

### Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

**Kl.08.30 - 15.00.**

**Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.**

### INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

### Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

**kl 08.30- 15.00**

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

Jordmor:

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

### NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:  
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vi leverer mat til alle anledninger, der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

## GRAVMINNER

 **Løvaas  
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)



Oppussing av  
gravmonumenter

Utfører vasking,  
rensing  
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887

Nordhordland Turlag  
Bergen og Hordaland Turlag



# 1 Kom deg ut-dagen september i Årvika friluftsområdet Austrheim

Nordhordland Turlag inviterer til Norges største søndagstur.

**Søndag 1. september kl. 12.00-15.30**

Invitasjonen går ut til barn, ungdom, voksne og seniorer som ønsker å delta i friluftaktivitet og moro. Sted: Årvika friluftsområdet på Austrheim.

På denne dagen kan du prøve deg på mange aktiviteter som; kano- og kajakkpadling, hestekoasting og krocket, frisbeegolf, bueskyting og fiske i fjæren. Det blir tur i tilrettelagt natursti med turquiz på veien. Vi deler ut vaniljehorn, skillingsboller, sveler, pølser og smaksprøver på ulik bålmat og det blir trukket premier på startnummer. Mer info: nordhordland.dnt.no og @austrheimkom.

## Program

kl.12.00 -12.30 Henting av startnummer og quizark

kl.12.30 Start av friluftaktivitetene, Neptun seniorlag kommer med seilskute eller veteranferje.

kl.12.30 Turledere fra Barnas Turlag står klar til å ta deg med på tur til Vardetangen.

Åpent for alle også deg med rullestol kan delta her. Egne vakter i løypa som kan hjelpe til.

kl.13.30 Åpning av Kom deg ut-dagen

kl.14.30 Utdeling av premier og avsløring av svarene på turquizen.

kl.15.30 Avslutning

Nordhordland Turlag kan dekke utgifter til ledsager eller spesialtransport ved behov.

Arrangement ansvarlig:

DNT tilrettelagt Nordhordland av Tanja Resink: 48038837

Folkhelsekoordinator Anita Soltveit (Austrheim Kommune): 47480209

Turleder Barnas Turlag Nordhordland ved Vibecke Døsvik Haukeland



## For ein dag!

Pinsedag og innsetjing av Rune Minde som ny prest i Austrheim. Ein skikkeleg gledens dag for Austrheimkyrkja.

Fullsatt kyrkje og fullsatt på kyrkjekaffi.

Takk Rune og takk til familien din.

Takk og til Harald Sundsbø. Du har vore ein stabil, trygg og god prest i vikartida.



# "KJERRINGRØKKEN"

ER EI GRUPPE DAMER SOM  
SAMLAST OM LAG EIN GONG  
I MÅNADEN.

Samlingane er uformelle, med vekt på sosialt samvær og samtale om misjon o.l. tema. Det er ope for alle som ynskjer stikke innom for å sjå kva som skjer.

er tilknytt Norsk Misjonsselskap (NMS) og støttar misjonsprosjektet som kyrkjelyden har i Mali.



MØTESTAD / TID:  
KYRKJELYDSHUSET  
FRÅ KL 19:00.

Møtedatoar,  
haust 2019: 7.okt, 4.nov, 2.des.  
Vår 2020: 6.jan, 3.feb, 2.mars, 6.apr,  
4.mai og 1.juni.

Kva vi gjer: Samtale  
Ta gjerne med eit handarbeid  
om du likar det.  
Mat Utlodning (enkel)



## HEIMEFISKE I GAMLE DAGAR

**På landbruksdagen, som i år skal vera 5. oktober,**

brukar kyst- og sogelaget å ha ei historisk utstilling. Det har vore vanlege reiskapar og utstyr frå gamla dagar, og det har vore spesielle tema. I fjor var temaet «Mjølke i 4000 år».

I år har me valt fiskarbonden sitt heimefiske, altså det fiske som kunne drivast utan å reisa bort. Det var laks, makrell, pal, lyr, ål, flyndre, torsk, hummar, krabbe m.m. Me konsentrerer oss om tida rundt siste krig (ca. 1930-1960).

Mykje av denne historia er borte – kasta eller brent.

Me bed difor om hjelp! Kan du hjelpe oss med utstyr som var brukt til fiske i den tida? Me er også interessert i foto av utstyr og fiske, eller teikningar/skisser som viser det same.

Har du noko, eller veit om noko, så ta kontakt snarast.

**Hege Ramsland –**  
93046429,  
**Helge Keilegavlen –**  
47008523 **Mikal Krossøy –**  
47463195.



## LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

**Søndag 1.september kl 11:00 Møte:** Daniel Heimstad

**Søndag 15.september kl 11:00 Møte:** Geir Talberg *Nattverd*

**Søndag 29.september kl 11:00 Møte:** Linda Nærøy

**Høstens BASAR fredag 1.november kl 18:00**

RR-AUSTRHEIM



Speideren starter opp igjen etter feiren og tar inn nye speidere: 2. klasse og oppover 😊😊😊

**Vi samles tirsdager kl 17**

Vil DU begynne?

Ta kontakt med Janet Talberg:

Tlf: 98613252

mail: janettalberg@hotmail.com

**Ungdomskvelder**

Fredag 30.aug. kl 19:30

Fredag 13.sept kl 19:30

Fredag 27.sept kl 19:30

fra 7.klasse

**Bønnesamlinger**

Onsdag 11.09. kl 19:00

Onsdag 18.09. kl 19:00

Onsdag 25.09. kl 19:00

# Julemesse

I Austrheim  
Samfunnshus  
Lørdag 30.11.19.

Påmelding  
tlf 90850850.  
*Husmorlaget.*



## ÅRÅS BEDEHUS

Tirsdag 3.sept kl. 19.00  
Bønnekveld

Søndag 8.sept kl. 11.00  
Sessongstart

Tirsdag 17.sept kl. 19.00  
Bibeltid/bønn

Søndag 22.sept kl. 11.00  
Formiddagsmøte

Tirsdag 1.okt kl. 19.00  
Bønnekveld

Søndag 6.okt kl. 11.00  
Formiddagsmøte

Velkommen til samlingane!  
[www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Austrheim Indremisjon på Facebook.

# BASAR

AUSTRHEIM SAMFUNNSHUS  
Søndag 08.09 – kl 16.00

Litt underholdning - bevertning  
Åresalg – trekning av loddbøker  
**VEL MØTT**



Arrang: eierlagene av Samfunnshuset



# SOMMARFESTEN



5.6. skipa Diakoninemnda til den årlege sommarfesten på Kyrkjelydshuset. Gamlepresten Magne Bjørndal heldt andakt, og Kurt Hatten var entertainaren vår i år også. Mange hadde meldt seg på festen der me serverte rømmegraut med tilbehør, kaffi og lefser. Det var ein vellukka ettermiddag/kveld. Ei av dei påmelde var ein utflytta austrheiming. Ho takka for den flotte festen, og eit flott initiativ. Ikkje minst var ho imponert over Kurt sine songar og skoser.



## Innkalling til EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

i Stiftelsen Betania Lervåg  
torsdag 12. september  
2019 kl. 19:00  
på Lervåg Bedehus

Saksliste:

1. Velkomst
  2. Val av møteleiar
  3. Val av eit nytt styremedlem
  4. Avslutning
- Alle velkomne!

For styret i Stiftelsen Betania Lervåg  
Harald Odd Sognnes

*Leiar*



I september vert det som vanleg «Den store barnehelga». Her skjer det mykje for borna, og me håpar at heile Austrheim kjem på barnas festgudsteneste for å høyre litt om kva dei har gjort den helga.

Her skal det vere pyjamasfest, bollefest og tårnagentar. Det vert sendt ut invitasjon til

3-åringar som skal få vise fram sin finaste pyjamas og kosebamse, for 4-åringar som skal få utforske kyrkja, ete boller og få 4-årsbok, og for 2.klassingane som skal vere tårnagentar som løyser oppdrag i kyrkja. Skulle du ikkje få invitasjon av ein eller anna grunn, så er det uansett bare å melde seg på via nettsidene våre.



# Kyrkjevalet 2019

- Kven kan røyste?  
 - Du må vere medlem  
 - Du kan røyste frå det året du fyller 15 år.

## Soknerådslista

Helge Dyrkolbotn f. 1964  
 Bjørn Helge Olsen f. 1974  
 Kine Alfredsen Lerøy f. 1974  
 Arne Lerøy f. 1947  
 Svein Tomas Villanger f. 1980  
 Inger Irene Synnevåg f. 1955  
 Anne Dahle Austrheim f. 1969  
 Toril Hordvik f. 1983  
 Gerd Solheim f. 1952  
 Carmen Nobarian f. 1980  
 Edvard Bjerkestrand f. 1953  
 Linda Skålevik Syslak f. 1962  
 Siv Solberg Hopland f. 1969  
 Kjell Dahle f. 1946  
 Stein Kåre Løvslett f. 1957  
 Kjell Hope f. 1955  
 Inger Aasen f. 1950  
 Anita Bakke f. 1969  
 Renee Semmingsen f. 1986  
 Bjørg Hopland f. 1948  
 Anne Karen Wilkensen f. 1975

## Bispedømerådsvalet

Her kan du velge mellom tre lister.

Bønelista,  
 Nominasjonskomiteen si liste  
 og Open folkekyrkje si liste



## NMS-foreininga

### ”KJERRINGROKKEN”

### og SOKNERÅDET

INVITERER TIL

## TEMAKVELD OG BASAR

### Austrheim kyrkjelydshus

måndag 23. sept. 2019, kl 19.00.

### Frode B. Sætre

frå Austrheim har vore misjonær i Mali i fleire år. Han vil fortelje frå dette landet som han har fått eit nært forhold til.



- Kveldsmat
- Åresal
- Trekning av loddbøker



**ALLE ER VELKOMNE!**

## Stafettveksling på kyrkjekontoret



Amelie Knierem

Stafettveksling på kyrkjekontoret Som mange gjerne har fått med seg, har Amelie Knierem starta opp i ei 30% stilling her på kyrkjekontoret, med verknad frå 1.august i år.



Mia Krüger Etokebe

Vi kjem tilbake til ein fyldig presentasjon av henne i neste nummer av Kyrkjebakken.

Ho har overtatt stafettpinne etter Mia Krüger Etokebe, som avslutta engasjementet sitt i Austrheim 31.juli. Vi takkar Mia for innsatsen og ønskjer henne lukke til vidare. Samstundes ønsker vi Amelie velkommen.

## 50 ÅRS KONFIRMANTANE 2019

Søndag 13.oktober er 50 års konfirmantane inviterte til gudsteneste og festleg samkome på Kilstraumen etterpå. Dette er ei oversikt på kven som vart konfirmert i Austrheimkyrkja 11.mai 1969. Kvinnene står oppførte med sine jentenamn i parentes:

- Anders Reidar Fønnes
- Arild Emil Vikene
- Arvid Magnar Tresvik
- Atle Børshem
- Geir Langøy
- Hogne Karstein Kahrs
- Inge Steffen Sætre
- Magne Sigbjørn Angelvik
- Olav William Austrheim
- Svein Olav Steffensen
- Terje Krossøy
- Anlaug (Larsen) Slettbakk
- Ann-Norunn Marholm
- Ann Jorunn (Kidøy) Rettedal
- Astrid Sofie (Langøy) Gausereide
- Gunn (Fønnes) Kaland
- Inger (Fønnes) Mikkelsen
- Laila Karin (Hopland) Larsen
- Marly (Øksnes) Rewcastle
- Torhild (Hope) Rio Finvik
- Turid (Lohne) Hordvik
- Vigdis (Tresvik) Holmseth